



Vår dato:

27.06.2022

Vår ref:

2020/3165

Dykkar dato:

«RefData»

Dykkar ref:

«Ref»

«Mottakernavn»

Saksbehandlar, innvalstelefon

«Adresse»

Ola Betten, 71 25 84 76

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

## **Storholmen naturreservat, Giske kommune - dispensasjon for bygging av landingsplate for helikopter**

Vi viser til søknad av 31.05.2022 frå Multiconsult pva. Kystverket om bygging av ei betongplate for landing av helikopter på Storholmen fyr i Giske kommune. Plata vert støypt over murane på eit gammalt naust på staden, og vert 8,3 m x 6,7 m.

Byggematerialar og arbeidsfolk skal flygast ut med helikopter, rekna til ca. 65 turar, og arbeidet er tenkt gjennomført i august/september 2022.

Storholmen er freda som naturreservat. Søknaden er vurdert opp mot gjeldande verneforskrift, fastsett ved kongeleg resolusjon 28. mai 2010, sist endra 28 april 2016 (FOR-2016-04-28-448).

Etter § 3, 2. ledd, nummer 3 er det forbod mot tiltak som kan endre naturmiljøet. Opplistinga er ikkje uttømmande. Vidare er dyrelivet, inkludert reirplassar og hiområde verna mot skade øydelegging og unødig forstyrring, jf. § 3, 2. ledd, nummer 2. Til slutt er det forbod mot start og landing av luftfartøy og lågtflyging under 300 meter, jf. § 5, 2. ledd, nummer 2 og 3.

Forvalningsstyresmakta kan i medhald i § 7 etter søknad gi dispensasjon til:

1. Oppføring av nye anlegg, flytting av anlegg, og tilbygg til eksisterande anlegg for Kystverket.
2. Nødvendig luftfart i forbindelse med aktivitetar etter § 6 2. ledd nr. 1 og § 7 nr. 1.

Vedtak om dispensasjon må også vurderast opp mot prinsippa i nml §§ 8-12, jf. § 7.

### **Statsforvaltaren si vurdering**

Formålet med naturreservatet er å ta vare på eit område som har særskilt verdi for biologisk mangfald og som innehold trua, sjeldsynt og sårbar natur. Området består av tre vêrharde, tilnærma urørte holmar med omliggande sjøområde og naturleg tilhøyrande plante- og dyreliv. Området utgjer ein viktig hekkelokalisitet for sjøfugl som toppskarv, raudnebbterne og teist. Lunde, alke og lomvi har òg hekka her. Området har òg økologisk funksjon som myteområde for ærfugl og kvileområde for måsar.



Av omsyn til fuglelivet i Storholmen naturreservat føreset vi at bygging og helikoptertransport i samband med dette skjer i perioden 1. august til 31. mars. Tiltaket vil i denne perioden ikke vere til nemnande skade for hekkebestandane i reservatet. Vi set vilkår om at helikopterflyging siste strekninga inn mot Storholmen i august skal skje med varsemd og særleg merksemد på eventuelle myteflokkar av ærfugl. Vi minner generelt også om den generelle aktsemdsplikta som følgjer av naturmangfaldlova § 6.

Statsforvaltaren meiner ut i frå dette at det er forsvarleg å tillate bygging av landingsplata. Plata vert bygd der eit naust stod, så det vert ikkje brukt meir areal. I eit slikt hekkeområde er det ikkje arealet som er avgjerande for hekkesuksessenb. Statsforvaltaren meiner kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka, jf. nml § 8.

Føre var-prinsippet (nml § 9) har ikkje vesentleg vekt. Statsforvaltaren kan ikkje sjå at bygging som skissert er negativt for verneverdiane samla i naturreservatet, eller for sjøfuglbestandane generelt i fylket , jf. nml § 10. Dersom det skulle oppstå fare for uføresette skader på naturmangfaldet kan Statsforvaltaren pålegge Kystverket å endre gjennomføringsmåten og iverksette avbøtande tiltak, jf. nml §§ 11 og 12.

### Vedtak

Statsforvaltaren gir dispensasjon for bygging av landingsplate på Storholmen, samt helikoptertransport av personell og rivingsavfall i samband med dette. Heimel for vedtaket er § 7, 1) og 2) i verneforskrifta.

Vilkår for dispensasjonen:

- Plata skal støypast på tidlegare nausttomt.
- Arbeidet skal skje i perioden 1. august – 31. mars, og vere avslutta seinast 31. mars 2024.
- Det kan flygast inntil 65 turar, og det skal først logg over talet på landingar.
- Ved bruk av helikopter i august skal innflyging mot Storholmen gjerast med stor varsemd og særleg merksemد på eventuelle myteflokkar av ærfugl.

### Anna lovverk

Vi gjer merksam på at vedtaket berre omfattar dispensasjon frå verneforskrifta i medhald av naturmangfaldlova. Nødvendige løyver etter anna lovverk må avklarast med rette myndigheter. Særleg aktuelt er løye etter reglane som følgjer av plan- og bygningslova (pbl).

### Klage på vedtaket

Partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan tre veker frå det er mottatt. Klagen må vere grunngitt, og skal sendast til Statsforvaltaren. Miljødirektoratet avgjer klagen dersom Statsforvaltaren opprettheld vedtaket. Reglane om klage på vedtak går fram av kapittel VI i forvaltningslova. Lenke til klageskjema ligg her:

[https://www.regjeringen.no/contentassets/45b55b2c88e94e79b55b1798053f7ad7/0073n\\_nynorsk.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/45b55b2c88e94e79b55b1798053f7ad7/0073n_nynorsk.pdf)

Med helsing

Linda Aaram (e.f.)  
Direktør miljøvern

Ola Betten  
prosjektleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



Kopi til:

GISKE KOMMUNE Valderhaug 4 6050 VALDERØYA

Mottakere:

MULTICONSULT NORGE AS AVD MOSS	Gudes Gate 1	1530	MOSS
KYSTVERKET	Postboks 1502	6025	ÅLESUND